

Laurdag 19. juli blir det ein internasjonal artist som spelar opp til låvedans på Dønhauglåven – ingen ringare enn ”Rich Harper Blues Band” frå California, USA.

Bandet har hatt stor suksess med fleire CD-ar og har vorte eit framifrå blues-rock band som for fyrste gong vitjar Noreg.

Dei har turnert både i Europa, Asia og Australia, der dei har delteke på dei store blues-festivalane. Bl.a har dei vore den store attraksjonen på den største bluesfestivalen i Sverige (Åmål) dei siste par åra, og med fantastiske tilbakemeldingar frå publikum.

I år var dei også eit av banda på Skånevik Bluesfestival i helga, og dei gav ein fantastisk konsert i House of Blues laurdag. ettermiddag.

Rich Harper er ein sjølvlært bluesgitarist som lærte ved å lytta til store artistar som Eric Clapton, B.B. King, Rory Gallagher, Freddy King og Duane Allman og han har utvikla sin eigen slide-stil. Etter å ha starta med å opptre i småbyar i Pennsylvania, flytta han til Los Angeles for å danna Rich Harper Band. På låvedansen vil dei presentera eit svært variert musikk-spekter, frå ulike typar blues, til rock, rolege viser og pop-låtar. M.a.o. musikk for einkvar smak med god danserytme.

Dei som vil lesa meir om bandet kan gå inn på www.richharperband.com eller på heimesida til dønhaug gjestegrad www.dønhaug.no (www.gjestegard.webs.com).

Det vert sal av grillmat, og det går bussar utover og innover i kommunen etter arrangementet.

Magne Huglen